



Referat styremøte 19.09.23

Dato: 19.09.23
Tid: 18:30-21:00
Sted: Teams

Deltok: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen (permittert fom. sak 65), Tove Hundseth, Bård Andreassen, Randulf Tverfjell, Heidi Reiten (vara BU utvalet), Beatrice Bjørkedal, Astrid Nerhus Dale, Reidar Strand, Christina Bjercknes, Allan Nogva,
Fråfall: Svein Dalen og Ole Mathias Risvik
Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Sak 58/09.23 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Styret godkjente innkallinga

Sak 59/09.23 Godkjenning av referat fra styremøte 29.8.23

Referat fra styremøte 28.08.23 legges frem til godkjenning av styret

Vedtak:

Styret godkjente referatet fra styremøte 29.8.23

Munnlege orienteringar:

- Status vedtekter
- Instruktørvirksomheten – ny ordning
- Medlemsstatistikk per 1.9.
- Økonomi
- Arbeidsoppgåver Regionsekretær September-Desember
- Jaktterrenget på Frei

Sak 60/09.23 Form og innhald i styremøtereferat

Det har i seinare tid vore diskutert rundt utforming av styremøtereferat og vedtak. Hovudtrekka har vore usikkerheit rundt forkorting av sakstekst og ordlegging av vedtak. Styret har tidlegare gitt tommel opp til sekretær når det gjeld forkorting av saksteksta i referatet med tanke på publisering på portal.

Vedtak:

Alle forslag til vedtak skal lesast opp før styret tek stilling til vedtaket. Sekretær får fullmakt til å forkorte sakstekster der vedkomande ser det fornuftig utan at dette forringar innhaldet.

Sak 61/09.23 Møtestruktur

Styret har ofte har utfordringar med å komme igjennom alle sakene innanfor satt møtetid. Årsakene er fleire. Det er ønskeleg at styret tenker igjennom dette og kva dei kan sjå som tiltak for å sørge for at vi får gått igjennom sakene på agendaen på ein fornuftig måte samstundes som at vi disponerer tida fornuftig. Styret tok saka opp til diskusjon



Vedtak:

Styremedlemmane oppfordrast til å fatte seg i korthet, og utøve ein god møtekultur. Med mål om at vi kjem gjennom saklista innafor oppsett tidsramme.

Ordstyraren oppfordrast og til å styre diskusjonane på ein betre måte.

Sak 62/09.23 Tillitsvalsamling – program og foredragshaldarar

Styret fastsette at det skal gjennomførast tillitsvalsamling som planlagt på Sunnmøre, Quality Hotel Ulstein, 11.-12. november.

Grunna trong økonomi må vi jobbe for å halde kostnadane så låge som mogleg. Det er ønskeleg at utvala kjem med forslag til aktivitetar som kan vere av interesse for lokalforeiningane våre, anten det er fysiske aktivitetar eller foredragshaldarar.

Ein må også ta til vurdering start- og sluttid for samlinga då fleire vil ha lang reiseveg i tillegg til at det skal gjennomførast utvalssamling delar av laurdagen.

Vedtak:

Ramma for samlinga er lagt. Start laurdag med lunsj kl 12:00 og slutt søndag kl 15:00.

Utvalssamling frå 13:00 – 15:00 laurdag. Resten av tida disponert til tillitsvalsamling med både praktiske aktivitetar (lurdag ettermiddag) og foredrag.

Regionsleiar og regionssekretær får ansvaret for detaljplanlegging av samlinga, og samstundes vil ein invitere lokallaget til deltaking i førebuing og gjennomføring.

Sak 63/09.23 Dobbelstemne LM elg og jaktfelt

Sak frå skyteutvalet om gjennomføring av dobbelstemne (korrespondansestemne) i elg og jaktfelt, felles for vår landsdel (M&R, ST og NT)

Vedtak:

Forslaget frå skyteutvalet fekk tilslutning, og dei bes arbeide vidare med stemna med mål større deltaking enn i dei seinare år.

64/09.23 Premiering av lag til jaktfelt, elgbane, jegertrap og leirduesti

Det var i fjor lagt fram sak rundt premiering av lag under RM då det var mange tilbakemeldingar frå deltakarar og ulik praksis i dei forskjellige Regionlaga (65/08.22). I dag får laget ein medalje på deling som typisk går til lokalforeininga. Mange praktiserer at deltakarane også får ein eigen medalje til odel og eige. Dette vil for oss medføre ein meirkostnad på kr 1320 pr RM, samt dei åra vi arrangerer LM, i snitt 6600kr pr år.

Dette må styret fastsette ein praksis på samt føre inn ein eventuell meirkostnad i budsjettet for 2024.

Vedtak:

Styret innfører premiering av enkeltdeltakarar under lagskyting for RM og LM (3x3 premiar pr stemne) og budsjetterer for dette i 2024.



65/09.23 Landsmøtesak – E-læring for kjøp av fiskekort

Fiskeutvalet har utarbeida eit forslag om eit e-læringsprogram som må gjennomførast før ein får kjøpe statleg fiskeavgift. Denne skal bidra til å heve kunnskapen til den enkelte fiskar samt informere betre om dei ulike reglane som må følgast. Ref. brev frå fiskeutvalet.

Vedtak:

Styret støtter forslaget til fiskeutvalet. Fiskeutvalet jobbar vidare med å utarbeide konkrete forslag og planar som kan leggast fram under Landsmøtet 2024.

66/09.23 Villmarking domenet

NJFF Møre og Romsdal betalar årleg ca kr 1000 for domenet villmarking.no. Domenet var til intensjon for å kare årets villmarking i vår region kvart år, men har til dags dato ikkje vore brukt til noko.

Vedtak:

Styret avsluttar abonnementet på domenet villmarking.no då det til i dag ikkje har vore nytte og det truleg ikkje vil verte nytta i nær framtid. Om ein skulle ønske å innføre ei tilsvarande premiering får styret ta ei vurdering der og då på korleis den er ønskeleg å gjennomføre.

67/09.23 Marknadsføring av tiltak/aktivitetar - Korleis marknadsføre for å nå ut til fleire? Her trenger administrasjonen hjelp og gode råd.

Vedtak:

Regionlaget skal sette meir fokus på bruk av ulike sosiale medier i marknadsføring av sine aktivitetar. Invitere og inkludere lokalforeiningane i å delta aktivt i dette gjennom sine kanalar. I tillegg til FB og Instagram vil det bli oppretta og tatt i bruk ein snapchatkonto for å bidra til auka merksemd.

Styret må vurdere å sette av midler i budsjettet til målretta annonserte innlegg i sosiale medier.

Eventuelt:

1. Økonomi – viser til den munnlege orienteringa
2. Fleire landsmøtesaker? Ingen konkrete under møtet. Oppfordrer alle til å komme med evt. skriftlige forslag til neste styremøte.

Møtet slutt kl 20:59.

Referent

Bård Andreassen